



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stryn kommune

STRYN
KOMMUNE

STRYN
KOMMUNE

2022-2024



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggende arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

Plan for det førebyggende arbeidet i Stryn kommune 2022 - 2024

Bakgrunn for planen;

Barnevernreforma (Oppvekstreforma) tredde i kraft 01.01.22. Gjennom denne reforma vil kommunen få fleire oppgåver og må bære større del av kostnadane når det gjeld barnevern. Kostnadane ved å plassere barn i institusjon går i frå 76 900 kr pr. mnd til 170 000 kr pr. mnd og refusjonsordningane frå staten kring plassering i fosterheim er avvikla. Intensjonen med reforma er at kommunane som kjenner oppvekstvilkåra til barn og unge i lokalsamfunnet skal betre kunne gje tilpassa tiltak. Det kjem fram i Lov om barnevern § 3-1 første ledd at det er eit kommunalt ansvar å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Vidare er det eit insentiv at kommunane skal ta ansvar og jobbe betre med førebyggande arbeid slik at inngripande og kostbare tiltak skal unngåast. For å nå dette målet, har kommunen fått i oppdrag å utarbeide ein plan for det heilskaplege og tverrfaglege førebyggande arbeidet. Planen skal vedtakast av kommunestyret.

Forankring av planen;

Våren 2021 vart det sett i gang eit prosjekt for å utarbeide plan for det førebyggande arbeidet i Stryn kommune. Kommunedirektøren er eigar av prosjektet, og det er sett ned ei styringsgruppe som har bestått av kommunalsjef for helse og sosial, kommunalsjef for skule og kultur og barnevernleiar. I arbeidsgruppa er følgjande instansar representert;

Barneverntenesta (leiar av prosjektgruppa)	Rita Stølen Veamyhr
Tonning skule	Anne Wathne
Stryn ungdomsskule	Karin Sæten Solvik
Oppstryn barnehage	Mathilde Dolen Nesje
Flyktingtenesta	Marte Lønne Ulvedal
PPT	Kariann Aga Nygård
Psykisk helsearbeidar for barn og unge	Kamilla Hatledal
Helsestasjons- og skulehelsetenesta	Tine Camilla Rosenvinge

For å sikre brukarmedverknad i prosjektarbeidet har Ungdomsrådet i Stryn og alle FAU i Stryn fått tilbodet om å komme med innspel til planen.



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

Avgrensingane for arbeidet med førebyggande plan for kommunen;

Når det blir vist til førebyggande arbeid i kommunen, må det presiserast at det gjeld kommunale instansar som jobbar med barn og unge. Det er i denne samanheng ikkje inkludert innsatsen som frivillige lag og organisasjonar gjer av førebyggande arbeid. Ein ser også at det kunne vore tenleg å ha med fleire instansar, som til dømes NAV, folkehelsekoordinator, politi og legeteneste. Men reint praktisk måtte arbeidsgruppa avgrensast.

Føremålet med planen er at prosjektgruppa skal få ei oversikt over alt førebyggande arbeid som skjer i kommunen og å finne sårbare faktorar i systemet som gjev risiko for å ikkje avdekke utvikling av familieproblem som fører til inngripande og kostbare barneverntiltak. Vidare skal prosjektet føreslå tiltak for å betre tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid, samt føreslå tiltak for å redusere risikofaktorar og svikt i det førebyggande arbeidet i kommunen. Arbeidsgruppa har vore oppmoda om å finne løysingar innanfor dei rammene ein har. Framlegg til tiltak som fører til auka kostnader må takast i ordinære budsjettprosessar.

Arbeidsprosess for prosjektgruppa;

Prosjektgruppa har møtt kvarandre ein gong i månaden sidan mai 2021. Det har vore gjort ei rekke "kartleggingar" mellom møta.

Vi har kartlagt følgende:

- Kva metodikkar som finst i kommunen, utover grunnutdanning. Til dømes: COS, ICDP, kognitiv terapi
- Kva er det som fremmer og hemmar det tverrfaglege samarbeidet?
- Kva er utfordringane og problematikkane som vi ser blant barn og unge i Stryn kommune i dag?

Prosjektgruppa har fått inn mange innspel. Ein har sett at det dei ulike instansane sitt bilde på kva som er utfordringar for barn og unge og deira familiar i Stryn kommune i dag, er samanfallande med dei innspela vi har fått frå FAU. Dette gjer at prosjektgruppa er sikrere på kva ein bør satse på av tiltak framover.

Planen viser at åtferdsvanskar og skulevegning er tema som er viktig å sette inn tiltak for. Ein heilt sentral del av dette er foreldrerettleiing, då det er foreldra som har ansvar for å hjelpe barna sine å vere i stand til å møte verda, som inneber medgang og motgang i livet. Vidare ser ein at kvar enkelt instans må sjå på korleis ein skal kunne identifisere familiar som treng litt ekstra oppfølging på eit tidlegare tidspunkt enn i dag.



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

Oppbygging av planen;

Planen er bygd opp etter det som er kalla førebyggingspyramiden. Primærførebyggande tiltak (grønt) som er tiltak som alle i Stryn kommune skal få tilbod om. Sekundærførebyggande tiltak (gult) er for grupper av barn og foreldre der det er høg risiko for at vanskar kan oppstå, eller der det er tendensar til slike vanskar. Tertiær førebyggande tiltak (raudt) er for barn og familiar der vanskar har utvikla seg og avgrensing av skade er hovudfokus. I planen har vi også delt inn i felles tiltak, der det er tverrfagleg samarbeid mellom fleire instansar. I tillegg har vi sett opp forslag til nye tiltak. Nokon av tiltaka vil ein snarleg sette i verk, andre tiltak må jobbast meir med i planperioden. Det kjem fram i planen kven som har ansvar for å drive arbeidet framover, etter at prosjektet med å lage planen er ferdig.

Barne- og familiedirektoratet har blant anna utarbeida ein tenestestøttekatalog for hjelpetiltak. Her kjem det fram at oppfølging i form av hjelpetiltak til ein bestemt familie med eit identifisert behov etter Lov om barnevern ikkje skal omfattast i planen kommunestyret skal vedta for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Prosjektgruppa har likevel valt å ta med tiltak som barneverntenesta har, for å gje eit bilde av tiltak Stryn kommune har på alle nivå i førebyggingspyramiden.

Utfordringar vidare;

Hovudutfordringa framover blir å begeistre alle som jobbar med barn og unge utover i organisasjonen for viktigheita med tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og at dette er eit felles ansvar for alle! Det må kontinuerleg arbeidast for at alle instansar som jobbar med barn og familiar i Stryn kommune har som målsetting at barna i kommunen skal ha mogelegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel. Det heilskaplege tilbodet som Stryn kommune kan gje barn, unge og deira familiar er viktigare enn kvar enkelt etat sitt mandat.

Evaluering og oppfølging av arbeidet;

Sidan kravet om plan for det førebyggande arbeidet i kommunen er nytt, ser prosjektgruppa at det er nødvendig å evaluere planen før planperioden er over. Dette for å sikre at forslag til nye tiltak blir følgd opp, justere målsettingar om nødvendig. Leiar for prosjektet vil difor kalle inn til nytt møte i mai 2023.



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggende arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

Det primærførebyggende arbeidet (grøn tabell)

	Aktivitet	Tiltak	Tidsperiode	Ansvar
Helsestasjons- og skulehelsetenesta	Foreldrerettleiing	<ul style="list-style-type: none">• Heimebesøk til alle nyfødde og vidare min. 14. konsultasjonar i alderen frå 0 – 4 år (individuellt og i grupper) med ulike tema.	Jamleg	Helsesjukepleiar, jordmor, helsestasjons- og skulelege og fysioterapeut
	Forebygge, avdekke og hindre vald i nære relasjonar (VINR)	<ul style="list-style-type: none">• Nytte «I trygge hender» til alle spedbarnsforeldre, samt prate og spørje om VINR på utvalde konsultasjonar og helsesamtaler.	Jamleg	Helsesjukepleiar
	Foreldrerettleiing i gruppe	<ul style="list-style-type: none">• COS-foreldrerettleiing til småbarns foreldre (ca. 0 – 5 år)• ICDP-foreldregrupper (ca. 3 – 20 år)	Fast 3 x 2 grupper i året	Helsesjukepleiar
	Skulehelsetenesta	<ul style="list-style-type: none">• Fast kontortid med «open dør» på alle skolene etter plan• Individuell skulestartundersøking med helsesjukepleiar og skulelege• Individuell høgde og vektmåling i 3. klasse• Individuell helsesamtale med høgde og vektmåling i 8. klasse• Deltaking på 8. klasse foreldremøte før helsesamtalane	Jamleg	Helsesjukepleiar og skulelege
	Helseopplysning	<ul style="list-style-type: none">• Undervisning om Psykologisk førstehjelp i 2, 5 og 8. klasse.• Helseopplysning i klassene etter plan eller ynskje frå skule	Jamleg	Helsesjukepleiar
Psykisk helsearbeidar for barn og unge	Helseopplysning	<ul style="list-style-type: none">• Undervisning/informasjon i klassene etter plan/ynskje frå skule• Undervisning/informasjon på foreldremøte og personalmøte etter ynskje frå skule	Jamleg	Psykisk helsearbeidar for born og unge



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

	Hjelpe personar over 20 år til å takle det som er vanskeleg	<ul style="list-style-type: none">• Kurs i meistring av belastning (KIB) for personar over 20 år	Jamleg	Psykisk helsearbeidar for vaksne
Flyktingtenesta	Rettleiing og oppfølging	<ul style="list-style-type: none">• Tett oppfølging dei fyrste månadane etter busetting• Jamlege heimebesøk• Deltaking på oppstartsmøte i barnehage og skule, samen med born/foreldre	Jamleg	Programrådgjevar, miljøarbeidar og miljøterapeut
	Gi kunnskap om fysisk og psykisk helse, den nye kvardagen i Noreg, retten til å leve eit fritt og sjølvstendig liv og det norske utdannings-, arbeids- og samfunnslivet.	<ul style="list-style-type: none">• "Livsmestring i eit nytt land": Kurs på vaksenopplæringa. Obligatorisk for alle i introduksjonsprogrammet.• Minimum 25 timer	Jamleg	Flyktingtenesta
	Foreldrerettleiing i grupper	<ul style="list-style-type: none">• ICDP-foreldregruppe, minoritetsversjon til nye flyktingar	Oppstart med utgangspunkt i busetnad	Flyktingtenesta
	Opplysning om det kommunale teneste tilbodet	<ul style="list-style-type: none">• Invitere relevante kommunale instansar for å informere om sine tenester.	Jamleg. Kvar teneste kjem ein gong i året.	Flyktingtenesta
Barnehage	Rettleiing og oppfølging	<ul style="list-style-type: none">• Dagleg rettleiing av foreldre og born• Foreldresamtale 2 gongar i året eller oftare ved behov.	Jamleg	Barnehagen
	Felles informasjon	<ul style="list-style-type: none">• Foreldremøte eller temakveld med ulike tema	Årleg	Barnehagen
	Sikre god overgang frå barnehage til skule	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid i forbindelse med overgangen frå barnehage til skole	Siste året i barnehagen	Styvar, pedagogisk leiar, rektor og kontaktlærar



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

Barne- og ungdomsskole	Undervisning	<ul style="list-style-type: none">«Folkehelse og livsmeistring»	Jamleg	Lærer
	Ulike program til bruk i skule	<ul style="list-style-type: none">Til dømes PALS, "Bruk hue" "Lik meg"	Jamleg	Skuleleiinga
	God klasseleiing	<ul style="list-style-type: none">Lærer skal skape et trygt klima der elever tør å fortelje.	Jamleg	Kontaktlærer
	Oppdage/»sjå» dei mest sårbare borna	<ul style="list-style-type: none">Kompetansebygging i personalet	Årleg	Skuleleiinga
	Kartlegging av elevane	Sosiogram	Årleg	Teamleiar
PPT	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">Fast deltaking på "einingsmøte" i barnehage og skuleDeltak på tverrfaglege møter med aktuelle samarbeidspartarKompetanseheving til tilsette i barnehage og skule ut frå PP-tenesta som tilbyr kurs gjennom åretKompetanseheving ut frå behov eller ynskje frå einingane	Jamleg	Skule, barnehage og vaksenopplæringa må etterspørje teneste frå PPT
	Aktivitet	Tiltak	Tidsperiode	Ansvar
Felles tiltak	Faste tverrfaglege møte på skulane og i barnehagane	<ul style="list-style-type: none">Utarbeide ein lik mal for møta	Våren 2022	Prosjektgruppa
	Førebyggingsforum	<ul style="list-style-type: none">4 møter i året, der fokuset er førebyggjande arbeid kring psykisk helse, vald og overgrep, rus og nettvett.	Jamleg	Medlemmane i Førebyggjande forum
	BUP-konsultasjonar	<ul style="list-style-type: none">Tverrfagleg møte kvar 6. veke	Jamleg	BUP og barneverntenesta
	Vald i nære relasjonar-gruppa	<ul style="list-style-type: none">Jobbar med handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar. Gjer kjent innhaldet både blant innbyggjarane i Stryn,	Jamleg	Medlemmane i gruppa VINR



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

		frivillige organisasjonar og offentlege instansar.		
	Innskriving på skulane til alle foreldre med born som skal byrje på skule	<ul style="list-style-type: none">• Informasjonsarbeid til føresette om kva kvar enkelt teneste kan tilby av hjelpetiltak	Kvar haust	Skulen
	Delta på foreldremøte i etter invitasjon	<ul style="list-style-type: none">• Skulen eller barnehagen vel tema for foreldremøte og inviterar instansar med riktig kompetanse	Kvar haust	Skule og barnehage
	Delta på personalmøte i skule og i barnehage	<ul style="list-style-type: none">• Skulen eller barnehagen inviterer instansar til å snakke om konkrete tema, eller orientering om tenestetilboda i dei kommunale instansane.	Årleg	Skule og barnehage
	Faste samarbeidsmøte mellom tenestene	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeidsmøte på systemnivå mellom aktuelle tenester		Dei aktuelle samarbeidspartane
	Deling av informasjon om tenestene	<ul style="list-style-type: none">• Rullere informasjon på sosiale media (story)• Informasjon til kvar teneste/avdeling og utdeling av informasjon	Våren 2022	Servicekontoret har ansvar for publisering. Kvar enkelt teneste har ansvar for innhald
	Aktivitet	Tiltak	Tidsperiode	Ansvar
Forslag til nye tiltak	Organisere ICDP-foreldregrupper og COS-P foreldreveiledingsgrupper	<ul style="list-style-type: none">• Ein må ha hovudansvaret for å koordinere ICDP-grupper på tvers av tenestene• Tilbod om COS-P kurs til alle nybakte foreldre• Samtale med foreldre i forkant av foreldregruppene for å bli kjent og kartlegge utfordringane?	Våren 2022	Helsestasjon- og skulehelsetenesta
	Felles kunnskap om teieplikt og om deling av opplysningar mellom aktuelle instansar	<ul style="list-style-type: none">• Felles fagdag eller fleire fagøkter i grupper på teams med advokat som føreleser• Veilederen.no: Hindrer taushetsplikten det viktige tverrfaglige samarbeidet?	Våren 2022	Kommunalsjef Helse- og sosial og kommunalsjef



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

	Behov for økt kunnskap om teieplikt og samtykke, og forståing for tenestene sine ulike regelverk	<ul style="list-style-type: none">• Kurs om teieplikt og tverrfagleg samarbeid på eks. Teams• Kurs om meldeplikt og opplysningsplikt til barneverntenesta• Felles samtykkeskjema (digitalt) og aktsemd knytt til dette		skule- og kultur
	Utvide "einingsmøte" i barnehagen	<ul style="list-style-type: none">• Helsestasjonen kan delta på "einingsmøte" med PPT og barnehage (ein g. pr mnd)• Utarbeide mal for slike møte, avklaring av forventinga i forkant	Hausten 2022	Barnehage
	Skule - ungdomstrinnet	<ul style="list-style-type: none">• "Robust ungdom" eit nytt program som er utarbeidd lokalt. Det skal erstatte MOT	Oppstart hausten 2022	Ungdomsskolen
	Skule	<ul style="list-style-type: none">• Få nye yrkesgrupper inn, eks: sosionom, barnevernpedagog.	Våren	Rektor melder inn behov i budsjettprosessen
	Utarbeide felles prosedyre	<ul style="list-style-type: none">• Utarbeide felles prosedyre for skulefråvær• Utarbeide felles prosedyre for åtferdsvanskar / bråker / er stille	Våren 2022	Avdelingsleder skule
	Gode overgongar gjennom skoleløpet	<ul style="list-style-type: none">• Gjennomgang av elever, særleg med fokus på overgang mellom små- og storskulen	Jamleg	Skole
	Gode relasjonar mellom lærar og elev	<ul style="list-style-type: none">• Barnehage og skule: Bruke grøn, gul og rød prikk	Jamleg	Barnehage og skule
	Oppstart i barnehage og skule for nye flyktningsborn	<ul style="list-style-type: none">• Kartlegge moglegheit til å bruke tospråkleg assistent første tida i barnehage og skule.	Prøveprosjekt 2022	Flyktningsstenesta



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

Det sekundærførebyggjande tiltak (gul tabell)

	Aktivitet	Tiltak	Tidsperiode	Ansvar
Helsestasjon- og skulehelsetenesta	Rettleiing og oppfølging	<ul style="list-style-type: none">• Samtaler/støttesamtaler med elevar som strever med ulike problemstillingar• Rettleiing av foreldre som strever i høve foreldrerolla, tilbod om grupperettleiing• Samarbeid med og/eller tilvising vidare til andre instansar	Jamleg	Helsesjukepleiar
	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Deltaking i ansvarsgruppemøter/samarbeidsmøte, fagmøte og tverrfaglege møte	Jamleg	Helsesjukepleiar og andre aktuelle
Psykisk helsearbeidar for barn og unge	Rettleiing og oppfølging	<ul style="list-style-type: none">• Individuell samtaleoppfølging med barn og ungdomar etter behov• Kognitiv terapi• Rettleiing av foreldre etter behov.	Jamleg	Miljø og velferd
	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med andre instansar.• Deltak på og/eller koordinerer samarbeidsmøte og ansvarsgruppemøte	Jamleg	Miljø og velferd
Flyktingtenesta	Rettleiing og oppfølging	<ul style="list-style-type: none">• Tilby tettare oppfølging frå miljøterapeut• Legge til rette for /tilpasse introduksjonsprogrammet	Jamleg	Flyktingtenesta
	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med andre instansar	Jamleg	Flyktingtenesta
Barnehage	Veiledning og oppfølging	<ul style="list-style-type: none">• Tettare kontakt med foreldre, fleire foreldresamtale	Jamleg	Barnehagen



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med andre instansar	Jamleg	Barnehagen og/eller andre instansar
Skule	Kartlegging	<ul style="list-style-type: none">• «Stopp-punkt» fire gonger i året	Jamleg	Skuleleiinga
	Veiledning og oppfølging	<ul style="list-style-type: none">• Tettare kontakt med foreldre	Jamleg	Kontaktlærar
	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med andre instansar	Jamleg	Skuleleiinga
	Ta imot rettleiing	<ul style="list-style-type: none">• Få rettleiing frå PPT, Statped, BUP, Kommunepsykolog	Jamleg	Laget rundt eleven
Barnevern	Rettleiing og oppfølging	<ul style="list-style-type: none">• Individuell rettleiing til foreldre• Foreldrerettleiing gjennom metodisk arbeid, t.d;<ul style="list-style-type: none">○ Marte Meo○ Tuning into kids○ COS○ Funksjonell familieterapi	Jamleg	Hjelpetiltak til ein bestemt familie med eit identifisert behov etter Lov om barnevern
	Hjelp og støtte	<ul style="list-style-type: none">• Tilby støttekontakt, avlastings- eller besøksheim• Tilby økonomisk hjelp• Miljøarbeidar i heimen	Jamleg	Hjelpetiltak til ein bestemt familie med eit identifisert behov etter Lov om barnevern
	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med aktuelle tenester og etatar• Koordinering av aktuelle instansar• Deltak i ansvarsgruppemøte/samarbeidsmøte, fagmøte og tverrfaglege møte	Jamleg	Hjelpetiltak til ein bestemt familie med eit identifisert behov etter Lov om barnevern
PPT	Vurdering, rettleiing og oppfølging	<ul style="list-style-type: none">• Kartlegging og vurdering av born som vert tilvist PP-tenesta	Ved behov	



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

	Kompetanseheving til tilsette	<ul style="list-style-type: none"> I høve klasse, gruppe eller i høve det enkelte barn 	Ved behov	Skule, barnehage og vaksenopplæring ber om teneste frå PPT
	Systemarbeid mot mobbing	<ul style="list-style-type: none"> Bidra om det er ynskje om det 	Ved behov	
	Systemarbeid i høve skulefråvær	<ul style="list-style-type: none"> Bidra om det er ynskje om det 	Ved behov	
	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> Deltaking i ansvarsgruppemøte ved behov Samarbeidsmøte, fagmøte og tverrfaglege møte ved behov 	Jamleg	PP-rådgjevar og andre aktuelle
	Aktivitet	Tiltak	Tidsperiode	Ansvar
Felles tiltak	Tverrfaglege møter på individ nivå	<ul style="list-style-type: none"> Vurdere om barnet treng individuell plan, og må meldast til koordinerande eining (KE). KE oppnemner ein barnekoordinator i saka. Instansen som "eig saka" kallar i samarbeid med familien inn instansar som har ei rolle i hjelpa kring barnet. 	Jamleg	Alle som jobbar med barn og unge i kommunen.
	Kommunepsykolog	<ul style="list-style-type: none"> Nytte tilbodet om digital rettleiing med kommunepsykolog 	Jamleg	Psykisk helsearbeidar
	Melding til barnevernet	<ul style="list-style-type: none"> Kurs i meldeplikt/opplysningsplikt i samband med kurs om teieplikt 	Våren 2022	Barnevernleiar
	Aktivitet	Tiltak	Tidsperiode	Ansvar
Forslag til nye tiltak	Gode strukturerte møte	<ul style="list-style-type: none"> Lage ein mal for korleis tverrfaglege møter skal organiserast 	Ut året 2022	Helsestasjon- og skulehelsetenesta, BV og PPT Koordinerande eining
	Familieteam til strukturert individuell rettleiing	<ul style="list-style-type: none"> Utpeike ei prosjektgruppe som jobbar med utvikling av familieteam Individuell oppfølging til foreldre som strever 	Ut året 2022	Kommunalsjef for helse- og sosial/skule- og kultur



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

		<ul style="list-style-type: none">• Sjå inspirasjon her: https://kinn.kommune.no/vare-tenester/oppvekst-og-utdanning/familiehjelpe/		
	Auke kompetanse ute i einingane om ulike metodikkar for rettleiing av foreldre	<ul style="list-style-type: none">• Informasjonsarbeid ut mot einingane på tiltak Stryn kommune har å tilby av foreldrerettleiing. Td. ICDP, COS.• Motivere/oppmuntre foreldre til deltaking.	Jamleg	Dei som eig metodikken orienterer Alle som jobbar med barn og unge motiverer foreldre.
	Grupper for born og unge med ulik utfordringar/tema. Samtalegrupper for barn med to heimar	<ul style="list-style-type: none">• Samtalegrupper for barn med to heimar Sjå forslag her: https://sande.solaskolen.no/files/2019/03/grupper_for_barn_med_2_hjem.pdf• Jentesnakk• KIB for ungdom?	Jamleg	Helsesjukepleiar, miljøarbeidar, PPT, Psykisk helsearbeidar
	Foreldregruppe til foreldre med storskole- og ungdomsskolebarn	<ul style="list-style-type: none">• ICDP-foreldregrupper til ungdomsforeldre	Kvar seinhaust/vinter.	Sertifiserte aktuelle
	Musikkterapeut til bruk individuelt og i grupper	<ul style="list-style-type: none">• Kartlegge moglegheita til å bruke musikkterapeut i arbeid med barn og unge	Heile året 2022	Kommunalsjef for helse og sosial/skule- og kultur
	Få med foreldre som strever, som er vanskeleg å komme i posisjon til	<ul style="list-style-type: none">• Kartlegge tiltak for å nå grupper ein ser er vanskeleg å komme i posisjon til, t.d arbeidsinnvandrarar	Heile året 2022	Kommuneleiing



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

De tertiærførebyggjande tiltak (raud tabell)

	Aktivitet	Tiltak	Tidsperiode	Ansvar
Helsestasjons- og skulehelsetenesta	Rettleiing og oppfølging	<ul style="list-style-type: none">• Samtalar/støttesamtaler med elevar som strever med ulike problemstillingar• Rettleiing av foreldre som strever i si rolle som foreldre, tilbod om grupperettleiing	Jamleg	Helsesjukpleiar
	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med og/eller tilvising vidare til andre instansar• Koordinator eller deltakarar i tverrfagleg koordineringsgruppe, deltakarar i ansvarsgrupper, fagmøte og tverrfaglege møte	Jamleg	Helsesjukepleiar eller andre i gruppa
Psykisk helsearbeidar for born og unge	Rettleiing og oppfølging	<ul style="list-style-type: none">• Individuell samtaleoppfølging med barn og ungdomar etter behov.• Rettleiing av foreldre etter behov.	Jamleg	Psykisk helsearbeidar for born og unge
	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med andre instansar.• Deltar på og / eller koordinerer samarbeidsmøte og ansvarsgruppemøter.	Jamleg	Psykisk helsearbeidar for born og unge
Flyktingtenesta	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med og/eller tilvisningar vidare til andre instansar	Jamleg	Flyktingtenesta
Barnehage	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med og/eller tilvisningar vidare til andre instansar	Jamleg	Barnehagen og/eller andre instansar
Skule	Tilpasse skulekvardag	<ul style="list-style-type: none">• Alternativ opplæringsarena• Skjerming• Samtalar	Jamleg	Skuleleiinga



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med og/eller tilvisning og vidare til andre instansar	Jamleg	Skuleleiinga
Barnevern	Foreldrerettleiing gjennom metodisk arbeid	<ul style="list-style-type: none">• Marte Meo• Tuning into kids etc)• Funksjonell Familieterapi fra ca 11 – 18 år (tiltak gjennom Bufetat)• Mogelegheit til å leige inn private tiltak med ulik kompetanse og metodar	Jamleg	Hjelpetiltak til ein bestemt familie med eit identifisert behov etter Lov om barnevern.
	Opphald annan stad	<ul style="list-style-type: none">• Opphald på Foreldre- og barn senter frå nyfødt til ca 5 år (tiltak gjennom Bufetat)• Frivillig plassering i fosterheim eller institusjon	Jamleg	Hjelpetiltak til ein bestemt familie med eit identifisert behov etter Lov om barnevern
	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Styringsgruppe	Jamleg	Hjelpetiltak til ein bestemt familie med eit identifisert behov etter Lov om barnevern
	Omsorgsovertaking/plassering institusjon	<ul style="list-style-type: none">• Plassering i institusjon• Omsorgsovertaking og plassering i fosterheim	Jamleg	Tiltak i ein bestemt familie med eit identifisert behov etter Lov om barnevern
PPT	Vise vidare ved behov for andre hjelpetenesta	<ul style="list-style-type: none">• Barnevern• Psykisk helsearbeidar• BUP• Statped	Ved behov	PP-tenesta kan, etter ynskje frå føresette, dokumentere kartleggingar ved behov for vidare utgreiing.
	Aktivitet	Tiltak	Tidsperiode	Ansvar
Felles tiltak	Tverrfaglege møter på individ nivå	<ul style="list-style-type: none">• Vurdere om barnet treng individuell plan, og må meldast til koordinerande eining (KE). KE	Jamleg	Alle som jobbar med barn og unge i kommunen



STRYN KOMMUNE

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stryn kommune 2022-2024

		<p>oppnemner ein barnekoordinator i saka.</p> <ul style="list-style-type: none">• Instansen som "eig saka" kallar inn til samarbeidsmøte og avklarar med dei ulike instansane roller i tilbodet kring barnet.• Tettare samarbeid/hyppigare treffpunkt mellom tenestene kring fellessaker som er krevjande		Alle som jobbar med barn og unge i kommunen
	Melde bekymring til barnevernet	<ul style="list-style-type: none">• Kurs i meldeplikt/opplysningsplikt i samband med kurs om teieplikt	Våren 2022	Barnevernleiar
	Aktivitet	Tiltak	Tidsperiode	Ansvar
Nye tiltak	Auka fokus på barn og unge si psykiske helse	<ul style="list-style-type: none">• Kartlegge behov for auka ressurs psykisk helsearbeidar for barn og unge.• Auke kompetanse kring psykisk helse og komplekse utfordringar.• Kartlegge mogelegheit for lokal psykolog	Heile året 2022	Miljø og velferd
	Sikre sårbare born får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. (I tilfelle der eleven ikkje får tilfredsstillande opplæring på skulen)	<ul style="list-style-type: none">• Utgreiing moglegheita til alternativ opplæringsarena for alle skulane t.d gard, verkstad	Våren 2022	Avdelingsleiar skule